



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 61

(2000-2001)

---

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 17/2001 av 28. februar 2001 om innlemming av direktiv om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester i EØS-avtala

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 30. mars 2001, godkjend i statsråd same dagen.*

## 1 Bakgrunn

Ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 17/2001 av 28. februar 2001 vart europaparlaments- og rådsdirektiv 98/84/EF av 20. november 1998 om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester (heretter kalla direktivet om koda tenester) innlemma i EØS-avtala. Direktivet vil verte teke inn i vedlegg X (om audiovisuelle tenester) og vedlegg XI (om telekommunikasjonstenester) i avtala. Ettersom gjennomføringa i norsk rett krev lovendring, vart avgjerda i EØS-komiteen teken med atterhald om samtykke frå Stortinget, i samsvar med § 26 andre leddet i Grunnlova og artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala.

Koda tenester slik det er definert i direktivet, er tenester som det må betalast for før dei kan takast imot i forståeleg form. Dette kan t.d. vere betalingsfjernsyn som Discovery og Canal+, videogram på førespurnad, og dessutan einskilde multimedietenester med rørlege bilete.

Direktivet om koda tenester er ei nyregulering, og skal ikkje kome i staden for andre direktiv som høyrer inn under EØS-avtala. Direktivet er ei oppfølging av grønboka «Det rettslege vernet av krypterte tenester i den indre marknaden». Resultata av høyringa om grønboka stadfesta at det er naudsynt med eit fellesskapsrettsleg verkemiddel som sikrar rettsleg vern av alle tenester der vederlaget for dei er avhengig av tilgangskontroll.

Direktivet og avgjerda i EØS-komiteen følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

## 2 Nærmare om direktivet

Føremålet med direktivet er å sikre vederlagsinteressene for leverandørar av koda tenester, avgrensa til kringkastingstenester og tenester som vert teleformidla elektronisk på oppmoding frå den einskilde tenestemottakaren, og som normalt vert ytte mot vederlag (heretter kalla informasjonssamfunnstenester). For dette føremålet set direktivet opp eit forbod mot kommersiell verksemd i samband med innretningar som gjev tilgang til koda tenester utan at rettshavaren har gjeve samtykke til det.

Direktivet vernar vederlagsinteressene, og det ligg innebygd eit krav om autorisasjon (lisensiering) frå leverandørane av dei tenestene som er omfatta av direktivet. Den som vil ha tilgang til koda tenester på lovleg vis, må såleis verte autoriserte av tenesteleverandørane. Ved hjelp av såkalla piratutstyr og piratprogramvare vil det likevel kunne vere mogleg å omgå autorisasjonen til tenesteleverandørane, og på denne måten utnytte tenestene utan at det vert betalt vederlag til rettshavarane. Etter direktivet er difor ein del handlingar som er knytte til denne typen utstyr osv., ulovlege dersom dei har eit kommersielt føremål (sjå omtala av artikkel 4 i direktivet med omsyn til kva handlingar det gjeld). Det ligg på den einskilde medlemsstaten å avgjere om det i tillegg skal setjast opp eit forbod mot privat innehaving og bruk av ulovleg utstyr, jf. synsmåte 23 i fortala.

Direktivet krev at medlemsstatane skal ha ei intern lovgjeving som gjev leverandørane av dei koda tenestene tilgang til høvelege rettsmiddel. Føremålet med ei slik intern lovgjeving skal vere å stanse og avverje ulovleg spreiding m.v. av piratutstyr og piratprogramvare. Til dette høyrer at det òg skal vere mogleg å krevje mellombels rådgjerder, gå til skadebotsøksmål og eventuelt krevje at det ulovlege utstyret vert fjerna frå yrkesmessig omsetnad. Direktivet krev ikkje at lovbrota skal gjerast straffbare.

Eit av hovudføremåla med reguleringa i direktivet er å skape ei tettare samanslutning mellom dei europeiske medlemsstatane, og å fremje økonomisk og sosial utvikling. Vidare uttrykkjer direktivet at tilgang til kringkastingstenester og informasjonssamfunnstenester over landegrensene medverkar til at ein grunnleggjande rett som ytringsfridommen kan verte nytta fullt ut, samstundes som måla i traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet kan verkeleggjerast.

### 3 Nærmare om innhaldet i dei einskilde artiklane i direktivet

*Artikkel 1* opplyser at føremålet med direktivet er å tilnærme føresegnene til medlemsstatane om tiltak mot ulovlege innretningar som gjev uautorisert tilgang til dei tenestene som er omfatta av direktivet.

*Artikkel 2* definerer følgjande omgrep: (a) verna tenester (tenester som er omfatta av direktivet), (b) tilgangskontroll, (c) tilgangskontrollerande innretning, (d) tilhøyrande tenester, (e) ulovleg utstyr, (f) området som direktivet omfattar.

- a) *Verna tenester* omfattar fjernsynssendingar slik det er definert i artikkel 1 bokstav a) i direktiv 89/552/EØF (fjernsynsdirektivet), radiosendingar i tydinga all overføring av radioprogram til ålmenta ved bakke-, kabel- eller satellittsendingar, og informasjonssamfunnstenester. Omgrepet informasjonssamfunnstenester er definert i artikkel 1 nr. 2 i europaparlaments- og rådsdirektiv 98/34/EF, slik dette lyder etter endringa ved direktiv 98/48/EF. Omgrepet dekkjer alle tenester som normalt vert ytte mot betaling, og som vert teleformidla elektronisk på individuell oppmoding frå ein tenestemottakar. At tenesta vert teleformidla, inneber at tenesta vert ytt utan at partane er til stades samstundes. At tenesta vert formidla elektronisk, vil etter direktivet seie at tenesta vert motteken ved hjelp av elektronisk datahandsamingsutstyr (medrekna digital komprimering) og datalagringsutstyr, anten ved at tenesta vert send, frakta eller motteken via tråd, radio, optiske eller andre elektromagnetiske middel. At tenesta vert ytt på individuell oppmoding, inneber at tenesta må ytast gjennom overføring av data etter individuell oppmoding frå tenestemottakaren. Vedlegg V til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/48/EF inneheld ei liste over tenester som ikkje er omfatta av definisjonen av informasjonssamfunnstenester, jf. artikkel 1 nr. 2 andre leddet. For å vere omfatta av direktivet er det ein føresetnad at tenestene vert ytte mot vederlag. Vidare er det eit krav at tenestene vert ytte med grunnlag i ein tilgangskontroll (at tenesta er koda) dersom tenesta i seg sjølv ikkje er ei sjølvstendig tilgangskontrollerande teneste.
- b) *Tilgangskontroll* tyder eit teknisk tiltak og/eller tekniske innretningar der tilgangen til den verna tenesta i forståeleg form er avhengig av at det er gjeve løyve på førehand.
- c) *Tilgangskontrollerande innretning* tyder utstyr eller programvare som er utforma eller tilpassa med sikte på å gje tilgang til ei verna teneste i forståeleg form.
- d) *Tilhøyrande tenester* tyder installasjon, vedlikehald eller utskifting av tilgangskontrollutstyr, og yting av kommersielle kommunikasjonstenester som har samanheng med desse eller med verna tenester.
- e) *Ulovleg innretning* tyder utstyr eller programvare som er utforma med sikte på å gje tilgang til ei verna teneste i forståeleg form utan løyve frå tenesteytaren.
- f) *Området som dette direktivet omfattar* tyder alle føresegner som gjeld for dei ulovlege handlingane som er nemnde i artikkel 4.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 17/2001 av 28. februar 2001 om innlemming av direktiv om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester i EØS-avtala

*Artikkel 3 nr. 1* opplyser om prinsippa for den indre marknaden. Medlemsstatane har innanfor sitt eige område ansvaret for å gjere dei tiltaka som er naudsynte for å forby dei handlingane som er nemnde i artikkel 4, og for å fastsetje dei sanksjonane og rettsmidla som er nemnde i artikkel 5.

*Artikkel 3 nr. 2 bokstav a)* strekar under at medlemsstatane utan omsyn til avgrensing av området etter artikkel 3 nr. 1, ikkje må avgrense tilgangen til verna tenester eller tilhøyrande tenester med opphav i ein annan stat.

*Artikkel 3 nr. 2 bokstav b)* strekar under at medlemsstatane utan omsyn til avgrensing av området etter artikkel 3 nr. 1, ikkje må avgrense den frie rørsla for tilgangskontrollerande utstyr.

*Artikkel 4* opplyser om kva handlingar som er ulovlege, og pålegg medlemsstatane å forby desse. *Artikkel 4 bokstav a)* nemner framstilling, import, distribusjon, sal, utleige eller innehaving av ulovlege innretningar for kommersielle føremål. *Artikkel 4 bokstav b)* nemner installasjon, vedlikehald eller utskifting av ulovlege innretningar for kommersielle føremål. *Artikkel 4 bokstav c)* nemner marknadsføring av ulovlege innretningar gjennom kommersielle kommunikasjonstenester.

*Artikkel 5 nr. 1* regulerer sanksjonar og uttrykkjer at desse skal vere effektive, «førebyggjande» og stå i rimeleg høve til den potensielle verknaden av den ulovlege handlinga.

*Artikkel 5 nr. 2* regulerer rettsmiddel og pålegg medlemsstatane på sine område å gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at leverandørar av verna tenester har tilgang til høvelege rettsmiddel dersom dei vert utsette for ulovlege handlingar som er nemnde i artikkel 4. Dei skal m.a. syte for at det er høve til å gå til skadebotsøksmål, og å sikre at det skal kunne innførast forbod og påbod eller nyttast andre mellombels rettsmiddel. Ved bruk av mellombels rettsmiddel skal det m.a. vere mogleg å be om at ulovlege innretningar vert fjerna fra yrkesmessig omsetnad.

*Artikkel 6* regulerer gjennomføringa. Siste fristen for å gjennomføre direktivet er 28. mai 2000. Kommisjonen skal ha melding om når naudsynte lover og forskrifter tek til å gjelde, og føresegnene om vedtaking av direktivet i den einskilde staten skal innehalde ei tilvising til direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Kommisjonen skal ha melding om dei nasjonale reglane som vert utferda for å gjennomføre direktivet.

*Artikkel 7* gjeld rapportering. Kommisjonen skal tre år etter at direktivet har teke til å gjelde, leggje fram for Europaparlamentet ein rapport om gjennomføringa av direktivet, og om naudsynt gjere framlegg til tilpassing av direktivet til den tekniske og økonomiske utviklinga, og til resultatet av dei høyringane som Kommisjonen har gjennomført.

*Artikkel 8* gjeld iverksetjinga.

*Artikkel 9* gjeld adressatane som direktivet er retta til, som er medlemsstatane.

## 4 Avgjerda i EØS-komiteen

Som eit ledd i samarbeidet i EØS vedtok EØS-komiteen 28. februar 2001 å endre vedlegg X om audiovisuelle tenester og vedlegg XI om telekommunikasjonstenester, slik at avtala òg omfattar europaparlaments- og rådsdirektiv 17/2001/EF av 20. november 1998 om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester. Avgjerda inneheld ei innleiing og fem artiklar. I innleiinga vert det vist til EØS-avtala og særleg til artikkel 98, som gjer det mogleg å endre vedlegga til avtala gjennom vedtak i EØS-komiteen.

*Artikkel 1* slår fast at i vedlegg X etter nr. 1a (europaparlaments- og rådsdirektiv 95/47/EF) i avtala skal nytt nr. 1b lyde: «398 L 0084: Europaparlaments- og rådsdirektiv 98/84/EF av 20. november 1998 om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester (TEF L 320 av 28.11 1998, s. 54)».

*Artikkel 2* slår fast at i vedlegg XI etter nr. 5i (europaparlaments- og rådsdirektiv 98/34/EF) i avtala skal nytt nr. 5j lyde: «398 L 0084: Europaparlaments- og rådsdirektiv 98/84/EF av 20. november 1998 om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester (TEF L 320 av 28.11 1998, s. 54)».

*Artikkel 3* slår fast at direktivet skal gjelde på islandsk og norsk på lik linje med andre språk i medlemsstatane i Fellesskapet.

*Artikkel 4* slår fast at avgjerda skal gjelde frå 1. mars 2001, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar i medhald av artikkel 103 nr. 1 i avtala.

*Artikkel 5* slår fast at avgjerda i EØS-komiteen skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei Europeiske Fellesskapa*.

Etter artikkel 103 nr. 1 jf. nr. 2 skal EFTA-statane innan seks månader frå tidspunktet for avgjerda (som var 5. november 1999) stadfeste overfor dei andre EØS-statane at dei forfatningsmessige krava er stetta, dvs. for Noreg at Stortinget har gjeve sitt samtykke.

## 5 Tilhøvet til norsk rett

Vern av kringkastingstenester etter direktivet har i fleire år vore regulert av norsk rett. Det finst likevel nokre informasjonssamfunnstenester, som t.d. videogram og fonogram på førespurnad, som ikkje er tilstrekkeleg regulerte i norsk rett. Det er såleis naudsynt å endre norsk rett for at han skal verte i samsvaret med krava i direktivet. Samstundes med denne proposisjonen vil Justisdepartementet fremje ein odelstingsproposisjon med framlegg om å endre § 262 i straffelova, slik at alle såkalla informasjonssamfunnstenester vil få eit rettsleg vern.

## **6 Administrative og økonomiske konsekvensar**

Direktivet vil ikkje føre til større økonomiske eller administrative konsekvensar for det offentlege. Det er ikkje sett på som naudsynt med særskilt opplæring av påtalemakt og politi. Tiltak for kamp mot kriminalitet i samband med dei koda tenestene mot vederlag som direktivet omfattar, vil difor truleg kunne utførast innanfor dei noverande rammene. Framlegget vil heller ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar i form av auka kostnader, fleire tilsette m.v. for private.



## 7 Konklusjon og tilråding

Føremålet med EØS-avtala er å sikre eit einskapleg økonomisk samarbeidsområde grunnlagt på felles reglar og like konkurransevilkår. Direktivet går inn som ein del av dei felles reglane og konkurransevilkåra i EU. Slik Justisdepartementet vurderer det vil innlemminga av direktivet medverke til å hindre omsetnad av piratutstyr, og dermed òg bruken av slikt utstyr. På sikt vil dette kunne gje forbrukarane rimelegare tilgang til fleire koda tenester. Justisdepartementet finn difor at direktivet tener dei norske interessene på ein tilfredsstillande måte, og rår på dette grunnlaget til at Noreg godkjenner avgjerda i EØS-komiteen om å innlemme direktivet i EØS-avtala. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 17/2001 av 28. februar 2001 om innlemming av direktiv om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester i EØS-avtala.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 17/2001 av 28. februar 2001 om innlemming av direktiv om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester i EØS-avtala, i samsvar med eit vedlagt forslag.

**Forslag til vedtak om samtykke til  
godkjenning av avgjerd i EØS-  
komiteen nr. 17/2001 av 28. februar  
2001 om innlemming av direktiv om  
rettsleg vern av tilgangskontrollerte  
og tilgangskontrollerande tenester i  
EØS-avtala**

I

Stortinget samtykker i godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 17/2001 av 28. februar 2001 om innlemming av direktiv om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester i EØS-avtala.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 17/2001 av 28. februar 2001 om innlemming av direktiv om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester i EØS-avtala

## Vedlegg 1

# Avgjerd i EØS-komiteen nr. 17/2001 av 28. februar 2001 om endring av vedlegg X (Audiovisuelle tenester) og vedlegg XI (Telekommunikasjonstenester) til EØS-avtala

EØS-KOMITEEN HAR -

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

1. Vedlegg X til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 32/2000 av 31. mars 2000 <sup>1)</sup>
2. Vedlegg XI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 108/2000 av 30. november 2000 <sup>2)</sup>
3. Europaparlaments- og rådsdirektiv 98/84/EF av 20. november 1998 om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester <sup>3)</sup> skal takast inn i avtal -

TEKE DENNE AVGJERDA:

### Artikkel 1

I vedlegg X etter nr. 1a (europaparlaments- og rådsdirektiv 95/47/EF) i avtala skal nytt nr. 1b lyde:

«1b.	<b>398 L 0084</b> : Europaparlaments- og rådsdirektiv 98/84/EF av 20. november 1998 om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester (TEF L 320 av 28.11 1998, s. 54).»
------	--

### Artikkel 2

I vedlegg XI etter nr. 5i (europaparlaments- og rådsdirektiv 98/34/EF) i avtala skal nytt nr. 5j lyde:

«5j.	<b>398 L 0084</b> : Europaparlaments- og rådsdirektiv 98/84/EF av 20. november 1998 om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester (TEF L 320 av 28.11 1998, s. 54).»
------	--

### Artikkel 3

Teksta til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/84/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske felle-skapa*, skal verte gyldig.

<sup>1)</sup> TEF L 141 av 15.6 2000, s. 57, og EØS-tillegget til TEF nr. 27 av 15.6 2000, s. 11.

<sup>2)</sup> TEF L 45 av 15.2 2001, s. 47, og EØS-tillegget til TEF nr. 8 av 15.2 2001, s. 47.

<sup>3)</sup> TEF L 320 av 28.11 1998, s. 54.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 17/2001 av 28. februar 2001 om innlemming av direktiv om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester i EØS-avtala

#### Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. mars 2001, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala <sup>4)</sup>

#### Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfjerda i Brussel, 28. februar 2001.

For EØS-komiteen	
Formann	
P. Westerlund	
Sekretærar for EØS-komiteen	
P.K. Mannes	M. Brinkmann

<sup>4)</sup> Forfatningsrettslege krav oppgjevne.

**Vedlegg 2****Europaparlaments- og rådsdirektiv 98/84/EF av 20. november 1998 om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 57 nr. 2, artikkel 66 og artikkel 100 A, med tilvising til framlegget frå Kommisjonen <sup>5)</sup>

, med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet <sup>6)</sup>

, etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten <sup>7)</sup>

, og ut frå desse synsmåtane:

1. Måla til Fellesskapet slik dei er fastsette i traktaten er m.a. å skape ei stadig nærmare samanslutning mellom dei europeiske folka og sikre økonomisk og sosial framgang ved å fjerne dei skrankane som deler dei.
2. Tilbodet av kringkastings- og informasjonssamfunnstenester over landegrensene kan på individuelt plan medverke til at ein grunnleggjande rett som yringsfridommen kan nyttast fullt ut, og på kollektivt plan til at dei måla som er fastsette i traktaten, kan verkeleggjerast.
3. I traktaten er det fastsett fri rørsle for alle tenester som vanlegvis vert gjorde mot vederlag. Denne retten, slik han vert nytta i samband med kringkastings- og informasjonssamfunnstenester, er òg eit spesifikt uttrykk for eit meir allment prinsipp i fellesskapsretten, nemleg yringsfridommen slik han er stadfesta i artikkel 10 i den europeiske konvensjonen om vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fridommene. Denne artikkelen sannkjenner særleg den retten borgarane har til å ta imot og gje opplysningar utan omsyn til grenser, og all avgrensing av denne retten skal ta nøyte omsyn til andre rettkomne interesser som bør ha rettsleg vern.
4. Kommisjonen har gjennomført ei omfattande høyring på grunnlag av grønboka «Det rettslege vernet av krypterte tenester i den indre marknaden». Resultata av denne høyringa stadfesta at det er naudsynt med eit fellesskapsrettsleg verkemiddel som sikrar rettsleg vern av alle tenester der vederlaget for dei er avhengig av tilgangskontroll.
5. I resolusjonen sin av 13. mai 1997 om grønboka <sup>8)</sup> oppmoda Europaparlamentet Kommisjonen om å kome med framlegg til eit direktiv som omfattar alle krypterte tenester der krypteringa har som

<sup>5)</sup> TEF C 314 av 16.10 1997, s. 7, og TEF C 203 av 30.6 1998, s. 12.

<sup>6)</sup> TEF C 129 av 27.4 1998, s. 16.

<sup>7)</sup> Europaparlamentsfråsegn av 30. april 1998 (TEF C 152 av 18.5 1998, s. 59), felles haldning frå Rådet av 29. juni 1998 (TEF C 262 av 19.8 1998, s. 34) og europaparlamentsavgjerd av 8. oktober 1998 (TEF C 328 av 26.10 1998). Rådsavgjerd av 9. november 1998.

<sup>8)</sup> TEF C 167 av 2.6 1997, s. 31.

mål å sikre at vederlag vert betalte, og var samd i at dette framlegget i tillegg til kringkastingstenester òg bør gjelde for informasjonssamfunnstenester som vert fjernformidla elektronisk på individuell oppmoding frå ein tenestemottakar.

6. Den digitale teknologien gjer det mogleg å gje forbrukarane fleire val og å styrkje det kulturelle mangfaldet ved å utvide tilbodet av tenester slik det er definert i artikkel 59 og 60 i traktaten. Desse tenestene vil i mange tilfelle berre vere lønsame dersom dei er underlagde tilgangskontroll for å sikre tenesteytaren eit vederlag. Rettsleg vern av tenesteytarar mot ulovlege innretningar som gjev gratis tilgang til desse tenestene, kan difor synast naudsynt for å sikre at tenestene skal løne seg økonomisk.
7. Det gjekk fram av kommisjonsmeldinga om eit «europeisk initiativ på området elektronisk handel» kor viktig dette spørsmålet er.
8. I samsvar med artikkel 7 A i traktaten skal den indre marknaden utgjere eit område utan indre grenser, der det er sikra fritt varebyte og fri rørsle for tenester. Artikkel 128 nr. 4 i traktaten krev at Fellesskapet skal ta omsyn til kulturelle tilhøve når det utøver verksemda si i medhald av andre føresegner i traktaten. I medhald av artikkel 130 nr. 3 i traktaten skal Fellesskapet ved den politikken og dei tiltaka som det gjennomfører, medverke til å sikre at dei naudsynte vilkåra er til stades for at industrien i Fellesskapet skal vere konkurransedyktig.
9. Dette direktivet rører ikkje ved eventuelle framtidige fellesskapsføresegner eller nasjonale føresegner som skal sikre at ei rekkje kringkastingstenester som er rekna for å vere av allmenn interesse, ikkje er underlagde tilgangskontroll.
10. Dette direktivet rører ikkje ved dei kulturelle sidene ved eventuelle nye fellesskapstiltak som gjeld nye tenester.
11. Skilnadene mellom nasjonale føresegner om rettsleg vern av tilgangskontrollerte og tilgangskontrollerande tenester kan føre til hindringar for det frie varebyttet og den frie rørsla for tenester.
12. Bruken av traktaten er ikkje tilstrekkeleg for å fjerne desse hindringane i den indre marknaden. Hindringane bør difor fjernast ved at det vert fastsett eit einsarta vernenivå i medlemsstatane. Dette krev ei tilnærming av dei nasjonale føresegnene om forretningsverksemd med ulovlege innretningar.
13. Det verkar naudsynt å sikre at medlemsstatane syter for eit fullgodt rettsleg vern mot marknadsføring, med sikte på direkte eller indirekte økonomisk vinning, av ein ulovleg innretning som gjer det mogleg eller lettare å utan løyve omgå alle tekniske tiltak som er gjorde for å sikre betaling av vederlag for ei teneste som er tilbydd på lovleg vis.
14. Forretningsverksemd med ulovlege innretningar omfattar kommersiell formidling som dekkjer alle former for reklame, direkte marknadsføring, sponing, salsfremjande tiltak og public relations til fremjing av slike produkt og tenester.
15. Slik forretningsverksemd skadar forbrukarane, som vert villeidde når det gjeld opphavet til dei ulovlege innretningane. Det krevst eit høgt nivå for forbrukarvern for å kjempe mot denne typen svik mot forbrukarane. I artikkel 129 A nr. 1 i traktaten er det fastsett at Fellesskapet skal medverke til at det vert oppnådd eit høgt nivå for forbrukarvern ved tiltak som vert vedtekne i medhald av artikkel 100 A.
16. Den rettslege ramma for skipinga av eit felles audiovisuelt område, som er fastlagd i rådsdirektiv 89/552/EØF av 3. oktober 1989 om samordning av

visse bestemmelser om utøvelse av fjernsynsvirksomhet, fastsatt ved lov eller forskrift i medlemsstatene <sup>9)</sup>

, bør utfyllast med tekniskar for tilgangskontroll slik dei er fastlagde i dette direktivet, ikkje minst for å sikre lik handsaming av ytarar av kringkastingsstenester over landegrensene, utan omsyn til etableringsstaden deira.

17. I samsvar med rådsresolusjonen av 29. juni 1995 om ein einsarta og effektiv bruk av fellesskapsretten og om sanksjonar mot krenking av denne retten i den indre marknaden <sup>10)</sup> skal medlemsstatane setje i verk tiltak for å sikre at fellesskapsretten vert nytta på ein like effektiv og grundig måte som den nasjonale lovgjevinga.
18. I samsvar med artikkel 5 i traktaten skal medlemsstatane gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at fellesskapsretten vert nytta og at han er effektiv, særleg ved å sikre at dei sanksjonane som er valde, er effektive, avskrekkande og i rimeleg samhøve med den moglege verknaden av den ulovlege verksemda, og at dei rettslege tiltaka er føremålstenlege.
19. Tilnærminga av lovene og forskriftene til medlemsstatane bør avgrensast til det som er naudsynt for å nå måla til den indre marknaden, i samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve slik det er fastlagt i artikkel 3 B tredje leddet i traktaten.
20. Distribusjon av ulovlege innretningar omfattar alle former for formidling i tillegg til marknadsføring av slike innretningar med tanke på omsetnad i eller utanfor Fellesskapet.
21. Dette direktivet rører ikkje ved bruken av nasjonale føresegner som kan forby privat eige av ulovlege innretningar, eller ved bruken av fellesskapsføresegner på områda konkurranse og immaterialrett.
22. I den nasjonale lovgjevinga om sanksjonar og rettslege tiltak mot ulovleg forretningsverksemd kan det fastsetjast at verksemda må vere utøvd av personar som visste eller burde ha visst at dei aktuelle innretningane var ulovlege.
23. Dei sanksjonane og rettslege tiltaka som er fastsette i dette direktivet, rører ikkje ved andre sanksjonar eller rettslege tiltak som kan vere fastsette i nasjonal lovgjeving, som t.d. allmenne førebyggjande tiltak eller kverrsetjing av ulovlege innretningar. Medlemsstatane pliktar ikkje å fastsetje strafferettslege sanksjonar mot ulovleg verksemd som dette direktivet omfattar. Føresegnene til medlemsstatane om skadebotsøksmål må vere i samsvar med den nasjonale lovgjevinga og med rettsstellet deira.
24. Dette direktivet rører ikkje ved bruken av nasjonale føresegner som ikkje kjem inn under det området som dette direktivet omfattar, som t.d. føresegner om vern av mindreårige, medrekna dei som er vedtekne i samsvar med direktiv 89/552/EØF, eller nasjonale føresegner om offentleg orden eller offentleg tryggleik -

#### VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

<sup>9)</sup> TEF L 298 av 17.10 1989, s. 23. Direktivet endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 97/36/EF (TEF L 202 av 30.7 1997, s. 60).

<sup>10)</sup> TEF C 188 av 22.7 1995, s. 1.

## Artikkel 1

### Verkeområde

Målet med dette direktivet er å tilnærme føresegnene til medlemsstatane om tiltak mot ulovlege innretningar som gjev ulovleg tilgang til verna tenester.

## Artikkel 2

### Definisjonar

I dette direktivet tyder

- a) «verna teneste» ei av dei følgjande tenestene, når ho vert ytt mot betaling og på grunnlag av tilgangskontroll:
  - fjernsynssending slik det er definert i artikkel 1 bokstav a) i direktiv 89/552/EØF,
  - kringkasting over radio, dvs. utsending over tråd eller trådlaust, òg via satellitt, av radioprogram som er meinte for ålmenta,
  - informasjonssamfunnstenester i medhald av artikkel 1 nr. 2 i europaparlaments- og rådsdirektiv 98/34/EF av 22. juni 1998 om en informasjonsprosedyre for standarder og tekniske forskrifter og regler for informasjonssamfunnets tenester<sup>11)</sup>eller yting av tilgangskontroll for dei førnemnde tenestene, noko som vert rekna som ei eiga teneste,
- b) «tilgangskontroll» alle tekniske tiltak og/eller innretningar som gjer at tilgangen til ei verna teneste i forståeleg utforming vert avhengig av eit individuelt førehandsløyve,
- c) «tilgangskontrollerande innretning» alt utstyr eller all programvare som er utforma eller tilpassa for å gje tilgang til ei verna teneste i forståeleg utforming,
- d) «tilhøyrande tenester» installering, vedlikehald eller utskifting av tilgangskontrollerande innretningar, i tillegg til yting av kommersielle kommunikasjonstenester i samband med slike innretningar eller med verna tenester,
- e) «ulovleg innretning» alt utstyr eller all programvare som er utforma eller tilpassa for å gje tilgang til ei verna teneste i forståeleg utforming, utan løyve frå tenesteytaren,
- f) «området som dette direktivet omfattar» alle føresegner som gjeld for den ulovlege verksemda som det er gjort greie for i artikkel 4.

## Artikkel 3

### Prinsipp for den indre marknaden

1. Kvar medlemsstat skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å forby slik verksemd på territoriet sitt som er oppført i artikkel 4, og for å fastsetje

<sup>11)</sup> TEF L 204 av 21.7 1998, s. 37. Direktivet endra ved direktiv 98/48/EF (TEF L 217 av 5.8 1998, s. 18).



dei sanksjonane og rettslege tiltaka som er nemnde i artikkel 5.

2. Med atterhald for nr. 1 kan medlemsstatane ikkje
  - a) avgrense ytinga av verna tenester eller tilhøyrande tenester med opphav i ein annan medlemsstat, eller
  - b) avgrense den frie rørsla for tilgangskontrollerande innretningar av årsakar som høyrer inn under det området som dette direktivet omfattar.

#### Artikkel 4

##### Ulovleg verksemd

Medlemsstatane skal forby følgjande verksemd på territoriet sitt:

- a) framstilling, import, distribusjon, sal, utleige eller innehaving av ulovlege innretningar for kommersielle føremål,
- b) installering, vedlikehald eller utskifting av ulovlege innretningar for kommersielle føremål,
- c) bruk av kommersielle kommunikasjonstenester for å fremje utbreiinga av ulovlege innretningar.

#### Artikkel 5

##### Sanksjonar og rettslege tiltak

1. Sanksjonane skal vere effektive, avskrekkande og i rimeleg samhøve med den moglege verknaden av den ulovlege verksemda.
2. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at ytarar av verna tenester, som har interesser som vert påverka av ulovleg verksemd slik det er definert i artikkel 4, og som er utført på territoriet deira, har høve til å gjere føremålstenlege rettslege tiltak, som t.d. å gå til skadebotsøksmål og få gjennomført ei mellombels rådgjerd eller eit anna førebyggjande tiltak, og eventuelt be om at dei ulovlege innretningane vert fjerna frå handelen.

#### Artikkel 6

##### Gjennomføring

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 28. mai 2000. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

1. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

### Artikkel 7

#### Rapportar

Innan tre år etter at dette direktivet har teke til å gjelde, og deretter annakvart år, skal Kommisjonen leggje fram for Europaparlamentet, Rådet og Økonomi- og sosialutvalet ein rapport om gjennomføringa av dette direktivet og leggje ved eventuelle framlegg til tilpassingar, særleg når det gjeld definisjonane i artikkel 2, i lys av den tekniske og økonomiske utviklinga og dei høyringane som Kommisjonen har gjennomført.

### Artikkel 8

#### Iverksetjing

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

### Artikkel 9

#### Adressatar

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.  
Utfërda i Brussel, 20. november 1998.

<i>For Europaparlamentet</i>	<i>For Rådet</i>
J. M. GIL-ROBLES	E. HOSTASCH
<i>President</i>	<i>Formann</i>

---

---